

# – Vil vurdera realismen fyrst

SIGBJØRN LINGA

Statens vegvesen vil ikkje setja av ressursar til arbeid med kommunedelplan for kvamskogtunnelen før realismen i prosjektet er nærare vurdert.

Det går fram av referatet frå eit møte mellom vegstellet, fylkeskommunen, Samnanger kommune, Kvam herad og Kvam Bompengeselskap AS i

Bergen 3. februar.

Referatet seier dei normale fasane i store tunnelprosjekt er vegutgreiing, kommunedelplan, reguleringsplan, finansiering og stortingshandsaming. Vegstellet opplyste at det kan gå fem år frå utgreiinga til handsaming i Stortinget.

– Vegkontoret understrekar at dette er ein optimistisk framdriftsplan som føreset at

all planlegging og politisk behandling går på skinner, heiter det.

Rådmannen i Kvam har ymta fram på om at ein fylkesdelplan for prosjektet kan vera meir tenleg enn ein kommunedelplan. Samferdslesjef Magnus Vestrheim i fylkeskommunen er usamd i dette og tilrår sistnemnde. Truleg går prosessen raskare med

kommunedelplan.

Kvam Bompengeselskap AS har gjeve Multiconsult oppdraget med å laga ei vegutgreiing. Det skal dannast ei arbeidsgruppe som fylgjer abreidet og syter for at ho dekker dei viktigaste problemstillingane.

# Krev at Statnett samordnar

– Statnett må ta ansvar for å sjekka kva samfunnsinteresser som kan møtast i ein tunnel under Kvamskogen, krev Kvam herad.

SIGBJØRN LINGA

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) meiner tunnelutgreiinga i hovudsak er tiltakshavar Kvam herad sitt ansvar.

## – Må gripa inn

Utviklingssjef Jon Nedkvitne i heradet meiner NVE bør gripa inn og påleggja Statnett å sjå nærare på kombinerte infrastrukturtiltak under Kvamskogen som kan gje vekst og utvikling.

I det førebelse utgreiingsprogrammet heiter det at Statnett berre skal gjera ei såkalla

mogelegheitsstudie av kabel og veg i tunnel. I uttalen til programframlegget skriv Nedkvitne at Statnett bør vurdera både tekniske løysingar og kor pengane skal hentast.

## – Lite nytenking

Han meiner generelt at programmet er tradisjonelt oppbygd og rommar lite nytenking. Ei rekkje av krava frå kvemmingane er ikkje tekne med, og Nedkvitne set dei

fram på nytt. Krava er mellom anna

- at Kvamskogen får ei eiga, grundig utgreiing med tema som friluftsliv og rekreasjon, hytte- og næringsutvikling, landskap og reiseliv

- at urørt natur vert eit eige tema i landskapskapittelet

- at turisme og reiseliv ikkje berre vert kort skildra, men grundig vurdert og kvantifisert

- at det vert laga ein grun-

dig risiko- og sårbarheitsanalyse for ulike systemløyningar

Jon Nedkvitne støttar ein sams uttale som er laga av fleire hardangerkommunar, der kravet om samordning òg er sentralt. Det same er reiseliv, stølmiljø og Kvamskogen.

NVE har opplyst at det endelege utgreiingsprogrammet truleg er klart i slutten av februar.